

BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN SVEIO KOMMUNE

2024 – 2032

Innhold

1. INNLEIING	2
4.2 Utarbeiding av planen	2
2. NASJONALE FØRINGAR.....	3
2.1 Utviklingstrekk i samfunnet.....	3
2.2 Bustadsosialstrategien «Alle trenger et trygt hjem» (2021-2024).....	3
2.3 Bustadmeldinga – Ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet Meld. St. 13 (2023–2024)	5
2.4 Eldrereforma «Fellesskap og meistring — Bu trygt heime» (2023).....	5
2.5 FNs berekraftsmål.....	6
3. LOVGRUNNLAG	7
3.1 Lov om kommunanes ansvar på det bustadsosiale feltet	7
3.2 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen	7
3.3 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester.....	7
4. SVEIO	8
4.1 Bustadsosialt arbeide i Sveio	8
4.2 Husbanken	9
4.2.1 Bustønad.....	9
4.2.2 Startlån	10
4.2.3 Tilskot	10
4.3 Familiar med låginntekt	11
4.4 Eldre	11
4.5 Personar med nedsett funksjonsevne	12
4.6 Flyktingar	12
4.7 Lauslatte frå institusjonar	12
4.8 Rus og psykiske lidingar	12
4.9 Andre vanskelegstilte.....	14
5. KOMMUNALE BUSTADAR	13
6. TILTAK I PLANPERIODEN.....	13

1. INNLEIING

Sveio kommune har utarbeidd ny bustadsosial handlingsplan for perioden 2024-2032. Innbyggjarar i Sveio kommune med behov for bistand i høve bustad skal møta eit tilgjengeleg, variert og samansett tenesteapparat som støtter opp om eiga meistring og involvering. Grunnleggjande innhald i tilbodet er ein trygg bustad, sosialt nettverk, arbeid og aktivitet. Det er fleire situasjonar desse innbyggjarane kan vera i;

- Er utan eigen bustad
- Står i fare for å mista bustaden sin
- Bur i ueigna bustad eller miljø

Sveio kommune skal arbeida for at ingen opplev å vera bustadlause. Sveio kommune skal ha tilgjengelege og gode bustadar for alle innbyggjarar. Me skal ha avklarte roller mellom kommunale einingar, med gode rutinar for tildeling og oppfylging av brukarar i kommunale bustadar.

Bustadsosialt arbeid kan delast i operative og strategiske oppgåver: Operative oppgåver vert å gje råd og rettleiing, skaffa egna husvære, tildela økonomisk støtte, iverksette bu og nærmiljø tiltak og å gje oppfylging og tenester i heimen. Strategiske oppgåver handlar om å setja langsigktige mål, utvikla tiltak og verkemiddel for å nå måla, setja av økonomisk og faglege ressursar til arbeidet og avgjera kor og kven som skal løyse dei ulike oppgåvene. Ein kan ikkje driva med operative og strategiske oppgåver kvar for seg. Alt heng saman. Utarbeidninga av denne planen fell under kategorien strategiske oppgåver. Men målet med planen er at dei operative oppgåvene, den praktiske hjelpa som vert gitt til dei som treng det, vil bli enklare og betre på grunn av det strategiske arbeidet som er lagt ned.

Denne planen er delt inn i fire delar. Delen om Nasjonale mål tar føre seg kva retningslinjer og forventingar styresmaktene har til kommunane. Delen om Lovgrunnlaget tar føre seg dei relevante lovane kommunen arbeider etter i det bustadsosiale arbeidet. Delen om Sveio tek føre seg statusen og måla for Sveio kommune på det bustadsosiale feltet. Til slutt er dei ein del om Tiltak, som viser kva for nokre tiltak Sveio kommune har planar om å setje i verk og følgje i planperioden.

4.2 Utarbeiding av planen

Planen er utarbeidt av ei prosjektgruppe, leia av kommunalsjefen for helse og omsorg.

Prosjektgruppa har hatt fleire møter i løpet av prosessen. Medlemmane i prosjektgruppa har vore:

Ingunn Toft, Kommunalsjef helse og omsorg

Sindre Vikanes, Einingsleiar NAV Sveio

Bjarte Stølås Storli, Jurist

Eva Helen Ekrene, Økonomikonsulent

Ørjan Østhus, Driftsingeniør

Stine Lise Espeland, Samfunnsplanleggar

Tidleg i prosessen vart det utarbeida eit planprogram som vart sendt ut på høyring. Det kom inn eit høyringsfråsegn, og momenta her er teke inn i planen. Den endelige planen vert òg sendt ut på høyring.

Kommunalsjef helse og omsorg, som og har ansvar for det bustadsosiale arbeidet, har ansvar for å følgja opp at tiltaka vert gjennomført i henhold til planen.

2. NASJONALE FØRINGAR

2.1 Utviklingstrekk i samfunnet

Det er fleire trekk i samfunnsutviklinga og innafor helse som det bustadsosiale arbeidet må ta omsyn til. Det er fleire menneske som har behov for behandling og som får denne behandlinga med utgangspunkt i bustaden sin. Mange ynskjer å bu heime så lenge som mogleg, så lenge det opplevast som trygt. Tilsvarande utvikling finn ein og innanfor tenesteområdet rus og psykiatri der institusjonsopphald blir kortare og kortare, og ein går over til meir poliklinisk behandling. Frå januar 2019 blei det innført betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar med lidingar i rus og psykisk helsevern. Auka demens er eit utviklingstrekk i den eldre befolkninga. Vi behandlar og stadig fleire fysiske sjukdomar. Eldre er i betre form, men den kognitive funksjonen blir gjerne svekka og vi får ei gruppe eldre som er relativt fysisk friske med demensproblematikk - som igjen fører til auka behov for omsorgstenester og buformer som er tilpassa desse gruppene.

Menneske med nedsett psykisk funksjonsnivå og utviklingshemma lever lengre og rikare liv no enn før grunna betre oppfølging og betre omsorgstenester. Desse gruppene er og blitt friskare fysisk, men redusert kognitiv funksjon i fleire leveår vil kunne føra til auka i tenester i fleire år. Denne utviklinga er flott, og gjer samfunnet rikare. Men denne utviklinga medfører òg praktiske utfordringar.

Kommunen må tenke lurt og nytt for å kunne tilby gode nok tenester i åra som kjem.

2.2 Bustadssosialstrategien «Alle trenger et trygt hjem» (2021-2024)

I 2021 kom Kommunal- og Moderniseringsdepartementet med ein ny nasjonal strategi for det bustadsosiale arbeidet med tittelen «Alle trenger et trygt hjem». Strategien fokuserer på brei tenking, fleire fag skal arbeida saman for å finna gode løysingar, og den nyttar økonomiske verkemidlar som skal stimulera til å eiga si eigen bustad. Strategien fokuserer på samarbeid mellom ulike tenesteområde for å finna gode løysingar for dei som treng hjelp, med særskilt fokus på menneske med utviklingshemmingar og barnefamiliar. Dette vil spegla handlingsplan vår.



Måla i strategien er:

MÅL	REGJERINGAS TILTAK
Mål 1: Fleire skal kunne eige egen bustad	<ul style="list-style-type: none"> Prioriterer startlån som verktøy for å hjelpe fleire frå leie til eie Prioriterer startlån til barnefamiliar Hjelper fleire med utviklingshemming frå leie til eie Etablerer et erfaringsnettverk med private utbyggjarar om kjøpsmodellar, leige-til-eie-modellar og samarbeidsmodellar med kommunar. Målretta Bustadsparing for ungdom (BSU) til personar som ikkje eig eigen bustad.
Mål 2: Leige skal vere eit trygt alternativ	<ul style="list-style-type: none"> Utvidar Husleigetvistutvalets verkeområde til hele landet Vurderer lengre minstetid på husleigekontraktar Styrker bustønaden for barnefamiliar og andre med lave inntekter og høge buutgifter Setter ned ein ekspertgruppe som skal foreslå ein betre og enklare bustønad Fremmar godt bumiljø gjennom brukarmedverknad Styrkar bustad- og tenestetilbodet til personar med rusproblem og psykiske lidinger (ROP) Utarbeider hyppigare oversikter over bustadlause Utviklar digitale løysningar for å søke, tildele og forvalte kommunale bustadar Gir fleire lån frå Husbanken til private utbyggjarar av utleigebustadar Vurderer å gi kommunane handlingsrom til å oppløyse dagens kommunale bustadstiftelsar Skaffe meir kunnskap for å forstå leigemarknaden betre
Mål 3: Sosial berekraft i bustadpolitikken	<ul style="list-style-type: none"> Vurderer om kommunane treng større handlingsrom og fleire verktøy for å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga Bidrar til fleire ega bustadar for eldre Tilbyr finansiering av bustadar i distrikta
Mål 4: Tydelege roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> Foreslår en ny bustadsosial lov som klargjer kommunanes ansvar Styrker statsforvaltarens samordningsrolle og bustadsosiale fagmiljø Utviklar en kompetanseplan til nytte for alle kommunar Utviklar fleire digitale løysningar Satsar på langsiktig forsking om bustad og velferd Skaffar meir kunnskap om bustadsituasjonen for utviklingshemma Opprettar et nasjonalt brukarråd for den sosiale bustadpolitikken

Sveio kommune har god oversikt over utleigemarknaden i kommunen. Sveio kommune jobbar med å til ein kvar tid ha kommunale bustadar som svarar til kommunens behov. Særskilt kommunale bustadar i Sveio og Førde sentrum er prioritert. Sveio kommune informera om retten til å søkje bustønad, og hjelper til med dette om det er naudsynt. Sveio ynskjer å fokusere på god vedlikehald av kommunale bustadar, dette har vore krevjande grunna økonomiske omsyn.

Sveio kommune vil gjere det enklare å tilpasse sin eigen bustad for alderdomen. Sveio vil òg gjere det enklare å flytte til ein meir aldersvenleg bustad, anten det er ein privat bustad eller ein omsorgsbustad, alt etter kva den enkelte har behov for.

2.3 Bustadmeldinga – Ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet Meld. St. 13 (2023–2024)

I Meld. St. 13 (2023–2024) ‘Bustadmeldinga – Ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet’ legg regjeringa fram tiltak som skal legge til rette for ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk lokalt, regionalt og nasjonalt. Det overordna målet med bustadpolitikken er at folk skal kunne bu i ein eigna bustad i heile landet. I meldinga legg regjeringa fram fire innsatsområde for bustadpolitikken; 1) Fleire skal få høve til å eige eigen bustad; 2) Leigemarknaden skal vere trygg og føreseileg; 3) Ta vare på bustadene vi har, og byggje dei vi treng og 4) Forsterka innsats for dei som ikkje sjølve klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Regjeringa vil sikre at kommunane har dei føresetnadene og rammevilkåra dei treng for å kunne ta ei aktiv bustadpolitisk rolle ut frå lokale forhold, prioriteringar og nasjonale mål.

2.4 Eldrereforma «Fellesskap og meistring — Bu trygt heime» (2023)

Regjeringa la fram ein ny eldrereform i 2023. Denne reforma skal legge til rette for ein god og trygg alderdom for alle. For å få ein god alderdom må ein ha ein god og aldersvenleg bustad. I arbeidet med reforma har regjeringa fått ei rekke innspel frå eldre, bruker- og pårørandeorganisasjonar, fagmiljø, kommunar, frivillige aktørar og næringsliv.

Reforma presenterer fire tiltak:

- Fleire omsorgsbustadar og andre aldersvenlege bustadar.
- Ta initiativ til et erfearingsnettverk med kommunar og byggenæringa om utvikling av aldersvenlege bustader
- Gjennomføre en informasjonskampanje om bustadplanlegging, inkludert kva som kjenneteiknar ein eigna bustad for eldre
- Styrke Husbanken si rettleiingsrolle overfor kommunane knytt til bustader for eldre.

Reforma har ei rekke tiltak, og de tre viktigaste er:

- Program for eit aldersvenleg Noreg, som skal skape fleire sosiale møteplassar, aldersvenleg transport, aldersvenleg frivillighet og planlegging for en betre alderdom.
- Eldrebustadprogrammet, som skal bidra til både tilpassingar i eldre sine heimar slik at dei kan bu heime lenger og til bygging av omsorgsbustadar, trygdebustadar og sjukeheimspllassar.
- Den nye heimetenesta, som skal bidra til at eldre får møte få og faste tilsette, betre grunnbemannning og færre vikarar.

Eldrereforma har fire satsingsområde:

- Levende lokalsamfunn som ivaretok aktivitet og fellesskap
- Tilpassa butilbod, og moglegheit for å bo trygt i eigen heim lenger

- Kompetente medarbeidrar
- Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande

Alle satsingsområda heng saman, og alle er relevante for Sveio Kommune sin bustadsosial handlingsplan. Sveio kommune vil leggje til rette for eit levande lokalsamfunn. Sveio kommune har både fokus på å tilsette kompetente medarbeidrarar, samt å utruste dei som er kommunalt tilsette med tilstrekkeleg kunnskap om bustadsosialt arbeid. Sveio kommune vil ivareta både brukarar og pårørande på ein god måte ut frå deira behov.



2.5 FNs berekraftsmål

I arbeidet med bustadsosial handlingsplan er følgjande FN berekraftsmål særleg viktige:

Mål 1 som handlar om å utrydde fattigdom, mål 3 som handlar om god helse og livskvalitet, mål som 10 handlar om mindre ulikskap, og då spesielt delmål 10.3 som handlar om å sikra like mogelegheiter og redusera skilnadar i levekår. Mål 17 handlar om samarbeid for å nå måla. Det mest relevante målet er mål 11 som handlar om berekraftige byar og lokalsamfunn. Knytt til dette målet er det fleire delmål

som er relevante når Sveio skal utarbeide sine bustadsosiale mål. Delmål 11.1 handlar om å sikra tilgangen til tilfredsstilande og trygge bustadar. Delmål 11.2 vektlegg tilgang til kollektivtransport for alle. Delmål 11.3 vektlegg inkluderande og berekraftig samfunnsplanlegging. Delmål 11.4 sikrar kultur og naturarv. Delmål 11.7 vektlegg at alle skal ha tilgang til dei lokale naturområda og til det offentlege rom.

3. LOVGRUNNLAG

3.1 Lov om kommunanane ansvar på det bustadsosiale feltet

I den nye lova frå 1. juli 2023 om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet står det i formålsparagrafen at: «Vanskeligstilte på boligmarkedet skal få bistand til å skaffe seg og beholde en egn bolig». Den nye lova gir både innbyggjarane og kommunen klarare rammer og regelverk å forhalda seg til. Lova har på enkelte punkt skjerpa kommunane sitt ansvar. Dette gjeld spesielt kommunane sitt ansvar for bustadsosial planlegging, og visse krav til sakshandsaming og høve til å klaga. Jmf § 7 skal dei som har søkt eller på anna vis bedt kommunen om bistand til å skaffe eller behalde ein bustad, motta eit einskildvedtak. Einskildtvedtaket skal beskrive kva for bistand kommunen gir eller avslår. Om søkeren ikkje er samd så kan vedtaket klagast på til statsforvaltaren. Lovforslaget gjev ikkje individuell rett til bustad, men presiserer at kommunen pliktar å gje individuell tilpassa bistand til dei som er vanskelegstilt på bustadmarknaden. Bistanden kan vere alt frå råd og rettleiing, til økonomisk bistand eller hjelp til å tilpasse eller finne bustad, jmf § 6.

3.2 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Lova som har kortnamnet Sosialtenestelova, er særrelevant for det bustadsosiale arbeidet. § 1 er lovas formålsparagraf, og der står det at formålet er å «bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltagelse i samfunnet.» Ut i frå dette ser vi at det er ein klar samanheng mellom levekåra for vanskelegstilte, å bu sjølvstendig og deltaking i arbeidslivet og i samfunnet.

I sosialtenestelova § 17 er kommunen forplikta til å gi naudsynt råd og rettleiing til dei som treng det for å løyse eller førebyggje sosiale problem.

I sosialtenestelova § 27 er kommunen forplikta til å skaffe midlertidig bustad for dei som ikkje klarar dette sjølv.

3.3 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester

I formålsparagrafen til lov om kommunale helse- og omsorgstenester (helse og omsorgstenestelova) står det at lovas formål mellom anna er å fremme sosial tryggleik og å betre levekåra for vanskelegstilte. Vidare står det at lova skal sikre at den einskilda får leve og bu sjølvstendig og ha ei aktiv og sosial tilvære i samband med andre.

Helse- og omsorgstenestelova §3-2 a vektlegg kommunen sitt ansvar til å sikre eit godt liv, inkludert gode butilhøve til dei innbyggjarane som treng oppfølging frå helsevesenet, grunna sjukdom, funksjonsnedsettingar eller alderdom. Loven spesifiserer særskilt kommunen sitt ansvar for å tilby

sjukeheims plass eller oppfølging i heimen. Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 e omhandlar òg retten til sjukeheimsopphald og heildøgns tenester i bustad ved behov.

4. SVEIO


4.1 Bustadsosialt arbeide i Sveio

Bustadsosialt arbeid er å skaffa bustad til dei som har vanskar med å koma seg inn i bustadmarknaden og samstundes jobba for at dei skal meistra å bu og ha eit godt butilhøve. Sveio kommune skal vera ein god stad å leva heile livet. Å bu godt er viktig for å kunne leve eit godt liv, få danna seg familie, vera i arbeid og for å kunne ta vare på helsa si. Kommunen skal leggja til rette for at dei som ikkje sjølv er i stand til å skaffe seg bustad skal få den hjelpa dei treng. Det er og eit overordna mål at fleire skal eige eigen bustad. Vanskelegstilte på bustadmarknaden er personar som av ulike grunnar ikkje har moglegheit til å skaffe seg bustad sjølv og eller har vanskar med å bu på eiga hand. Utfordringa for Sveio kommune er å gje gode bustadforhald til innbyggjarar med komplekse og samansette utfordringar.

Befolkinga i Sveio er i 2024 omlag 5780 innbyggjarar. I følgje SSB si befolkningsframskriving vil innbyggjartalet mest sannsynleg vere på omlag 6320 i 2050. Fødetallet er venta å vere nokså stabilt. Det er venta at Sveio får litt fleire tilflyttarar enn fråflyttarar. Det er venta at innbyggjarane lever lengre. Ein ser og at det er færre unge vaksne i 20 og delvis i 30 åra i Sveio samanlikna med dei andre aldersgruppene. Det tydar på at dei unge vaksne vel å flytte frå kommunen, men at Sveio er ein god plass å etablere seg og stifte familie.



For å sikre eit berekraftig og godt fagleg bustadsosialt arbeid i Sveio kommune, har ein valt å organisera det bustadsosiale arbeidet slik;



Overordna bustadgruppa:

Leia av Kommunalsjef helse og omsorg. 2 årlege møter (består av Kommunalsjef, leiar av tenestekontoret, driftsingeniør , NAV leiar og juridisk rådgjevar).

Bustadinformasjon:

Lågterskelinformasjon av Offentleg servicekontor (vert gjennomført av OSK).

Bustadsosial arbeidsgruppa:

Tverrfagleg arbeidsgruppa. Månadlege møter med ansvar for daglegt operativt bustadsosialt arbeid (består av leiar av tenestekontoret, driftsingeniør, NAV leiar, Økonomisjef, servicekontor konsulent og juridisk rådgjevar).

Bustadsosialt forum:

Årleg møteplass med fokus på kompetanseheving (vert leia av Kommunalsjef helse og omsorg og alle tilsette som har virke innan bustadsosialt arbeid deltek).

4.2 Husbanken

Husbanken er staten sitt organ for å gjennomføre bustadpolitikken. Husbanken sitt samfunnsoppdrag er å førebyggje at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, og medverke til at vanskelegstilte kan skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Husbanken støttar opp om kommunane, frivillig sektor, byggsektoren og andre gjennom økonomiske verkemiddel, kunnskapsutvikling og kompetanseoverføring. Husbanken skal òg vere ein pådrivar for nye forsøk, innovasjon og at digitale løysingar blir tekne i bruk.

4.2.1 Bustønad

Innbyggjarane i Sveio kommune kan søkje om bustønad til å betale husleige eller bustadlån om ein har svak økonomi. Ein kan søkje digitalt på husbanken.no eller på papir som ein leverer til Servicetorget på kommunehuset. Søknaden blir handsama av konsulent ved Servicekontoret. Det overordna formålet med bustønad er å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Sveio kommune har som mål å handsame søknadar raskt og effektiv – og innvilge alle søknadar som oppfyller vilkåra for bustønad.

Ordninga med bustønad fungerer slik at kommunale sakshandsamarar handsamar søknadar frå innbyggjarar i sin kommune på vegner av Husbanken. Midlane som går til den einskilde søker etter at vedkommande har fått innvilga sin søknad, kjem direkte frå Husbanken. Det er dermed ikkje nokon økonomisk avgrensing, og alle søknadar som oppfyller vilkåra kan dermed bli innvilga – heilt uavhengig om det er få eller mange søkerar det einskilde år.

4.2.2 Startlån

Startlån er eit lån som kommunen kan gi til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Lånet blir gitt for at ein skal kunne bygge, kjøpe, refinansiere eller tilpasse eigen bustad. Startlånet er behovsprøvd, og ein får ikkje startlån om ein kan få lån i ordinær bank, er ung i etableringsfasen eller ein kan spare til eigen bustad på eiga hand. Det blir gjort unntak i tilfelle kor ein husstand har barn eller særlege helsemessige eller sosiale utfordringar, og det er behov for å skaffe ein god og stabil busituasjon innan kort tid.

Sveio kommune oppdaterte sine retningslinjer for startlån i 2022, med formål om å innvilga fleire søkerar. Mellom anna gjekk ein over til å kunne fullfinansiere huskjøp i staden for å innvilga startlån til berre ein prosentandel av kjøpesum. Kommunen starta òg med å tilby fast rente i ti år, for slik å kunne ta utgangspunkt i gjeldande fastrentenivå ved den økonomiske vurderinga av søkerar, i staden for å nytte såkalla kalkulasjonsrente («rentestresstest»). Dermed blei det enklare for søkerarar å få innvilga startlån.

Sveio har òg auka ramma for startlån kraftig, frå rundt 5 mill. pr. år til 20 mill. i 2024. Talet på innvilga søkerar har òg gått kraftig opp, frå mellom 0 til 3 i åra før 2022, til rundt eit dusin i 2023 og allereie 8 pr. april 2024. Dette er ei god utvikling.

4.2.3 Tilskot

Kommunar kan gi tilskot til tilpassing og etablering som eit supplement til startlån. Tilskot er midlar som ikkje skal betalast tilbake, og blir avskrivne i løpet av ti år.

Ikkje alle kommunar tilbyr tilskot, men Sveio set av kr 250 000,- pr. år. Tilskotsordninga er sterkt behovsprøvd.

Tilskot til etablering blir vurdert i samband med kvar enkelt startlånsøknad og kan bli gitt om startlånet aleine ikkje strekk til. Tilskot til tilpassing kan nyttast til å finansiere ombygging og tilrettelegging grunna nedsett funksjonsevne. Ein kan òg få tilskot til prosjekteringshjelp for arkitekt i forkant av ombyggingar.

Tilskot til tilpassing blir lyst ut på vårparten kvart år. Sidan ein no kan innvilga fullfinansiering for startlån, er det sjeldan søkerar i tillegg har behov for etableringstilskot, slik at mesteparten av dei årlege tilskotsmidlane blir nytt til tilpassingstilskot. Ein fordeler midlane mellom alle søkerar som oppfyller vilkåra, med ein todelt fordelingsnøkkel: Først ein minimumssum til alle søkerar, og deretter blir resterande midlar fordelt blant søkerane med behov for dei største prosjekta, med ein prosentandel av kostnadane for det aktuelle prosjekt.

Som regel er alle søkerar om tilskot til tilpassing velgrunna, slik at det er sjeldan ein gir avslag. I 2021 blei ordninga endra frå at kommunar sökte Husbanken om tilskotsmidlar, til at midlane blei ein del av det kommunale rammetilskotet, og Sveio sette ikkje av midlar til tilskot i dette året. Men dette blei endra f.o.m. 2022.

I 2023 blei alle fem søknadar innvilga, mens ein i 2022 berre fekk inn to søknadar som begge blei innvilga. Per april 2024 har kommunen fått inn fire søknadar.

4.3 Familiar med låginntekt

Dei borna som kjem frå familiar med låginntekt står i fare for å mangle materielle godar og moglegheiter som andre born har. Born frå fattige med låginntekt har høgare risiko for å ramle ut av vidaregåande skule og dei har større risiko for sjølv å kome under fattigdomsgrensa som vaksen.

For å kunne seie noko om kor utbreitt relativ fattigdom er, setter vi ei inntektsgrense. Vi bruker EU sin avgrensing av relativ fattigdom, som definerer mindre enn 60% av medianinntekta i landet. I Noreg levde 11,7 % av borna i familiar med vedvarande låginntekt i 2019. Dei familiene med størst risiko for å hamne under fattigdomsgrensa er familiar der foreldra står heilt eller delvis utanfor arbeidslivet, familiar med innvandrarbakgrunn, og aleineforsørgerar. Familiar med innvandrarbakgrunn utgjer 60% av familiene med langvarig låginntekt.

Familiar med låginntekt er overrepresentert på leigemarknaden. Dei er meir trongbudde, det vil seie at arealet på bustaden er mindre, og ein får mindre privatliv. Dette kan gjere det vanskeleg å få ro til å gjere lekser, og gjere det mindre attraktivt å ta med vene heim. Familiar med låginntekt flyttar oftare, noko som påverkar borna sin kjensle av stabilitet. Dette er også erfaringa i Sveio kommune.

4.4 Eldre

Sveio kommune ynskjer å vere ein aldersvenleg kommune, der det er trygt og godt å bu livet ut. For å lykkast med det må det vere enkelt å bli buande i si eigen heim, og det må vere mogleg å flytta til meir tilpassa og sentrumsnære bustadar om det er ynskjeleg. Ein må også ha tillit til at ein blir godt ivaretake i omsorgsbustad eller på sjukeheimen.

Sveio kommune vil leggje til rette for at dei eldre i kommunen har tilgang på praktisk bistand i heimen ved behov. Heimesjukepleia skal gi naudsynt helsehjelp til dei som treng det.

I Sveio kommune bur innbyggjarane veldig spreitt. Dette inkluderer dei eldre i kommunen. Dei eldre i Sveio eig ofte store og lite aldersvenlege hus langt frå sentrum. Sveio kommune vil oppfordre innbyggjarane til å tenkje langsiktig, og tilrettelegga heimen sin for alderdomen før det er naudsynt. Råd om tilrettelegging og informasjon om økonomisk støtte frå husbanken skal vere enkelt tilgjengeleg. Mange ynskjer å bli buande i sitt hus livet ut, men samstundes er det mange som vil selje huset sitt og kjøpe ei meir aldersvenleg leilegheit som ligg litt meir sentralt. Det har blitt bygga ut ein del nær sentrum, og fleire prosjekter vil starte opp i løpet av dei neste åra. Sveio kommune vil oppfordre utbyggjarar til å hugse på denne kundegruppa, slik at det vert bygga aldersvenlege leilegheiter. Det er viktig å hugse på at eldre hus utanfor sentrumsområda kan ha lågare salsverdi. Det bør difor vere rimelege leilegheiter tilgjengeleg, slik at dei eldre har råd til å flytte om dei ynskjer det. Sveio kommune vil prioritere samarbeid med private utbyggjarar med omsyn til å sikre rimelege aldersvennlige bustadar, både for sal og leige i planperioden.

Det er viktig med gode omsorgsbustader. Sveio kommune har i dag ikkje heildøgnsbemannada omsorgsbustadar, og dette er eit behov då dette er omsorgsnivået før sjukeheimspllass. Nokre har behov for tett oppfølging, utan å ha så dårleg helsa at det er naudsynt med sjukeheimspllass. Då vil heildøgnsbemannada omsorgsbustadar kunne vere eit godt alternativ.

4.5 Personar med nedsett funksjonsevne

Sveio kommune har kartlagt behova for tilrettelagte bustadar for innbyggjarar med funksjonsnedsettingar. Kommunen har vedteke politisk sak om å byggje 16 nye bueininga. 14 faste bustadar og to avlastningsbustadar. Dette er under planlegging, og venta å ferdigstillast i planperioden.

Om private ynskjer nye bustadar vert bygd må kommunen vere med å rettleie i høve ulike alternativ. Det er viktig å ivareta bebruarane sine ynskjer og behov. Kommunen vurdera det som mest hensiktsmessig at bustadane blir kommunalt drevne, slik at kommunen kan tilrettelegge for aktuelle helse og omsorgstenester.

4.6 Flyktningar

Sveio kommune har i løpet av dei siste åra gått frå å avvikle flyktningtenesta, til å ta imot 35 flyktningar i året. Sveio har samstundes gått frå å vurdere å selje kommunale bustadar, til å ha behov for kjøpe fleire. Flyktningstraumen påverkar òg bustadmarknaden i Sveio generelt, spesielt leigemarknaden. Det er no i 2024, 3. året med auka flyktningstraum grunna krig i Ukraina, særskilt bustadar for utelege. Det har og ført til ei auke i leigeprisane.

Det er uvisst korleis flyktningstraumen til Sveio vil bli i løpet av dei neste åra. Fleire flyktningar flyttar frå Sveio kvart år, enten til andre kommunar eller til andre land. I løpet av dei siste åra har Sveio i hovudsak tatt imot ukrainske flyktningar, og nokre av dei har no flytta tilbake til trygge områder i Ukraina. Til tross for at fleire flyktningar flyttar frå kommunen, så vert dei fleste verande. Om ein flyktning busett i Sveio søker om og får innvilga familiegjenforeining, så er Sveio kommune plikta til å ta imot og busette desse familiemedlemmane. Det vil altså truleg vere behov for bustadar til flyktningar i fleire år framover.

4.7 Lauslatte frå institusjonar

Det er viktig med fokus på lauslatelsar frå institusjonar, som fengsel og rusverninstitusjonar. Gode lauslatelsar er kjenneteikna med god dialog mellom heimkommunen og institusjonen/den som skal lauslatast. Den som skal lauslatast må vere trygg på at det er ein heim og ein kvar dag å kome attende til.

Dei som kjem heim til Sveio etter eit institusjonsopphald er ei sårbar gruppe. Dei som kjem frå institusjonsopphald treng ofte ei ny og god start i gode rammer. Nokre av dei som blir lauslaten har bustadar å returnere til, medan andre må finne nye bustadar. I fengsel og i fleire andre institusjonar er tilgangen til internett liten eller fråverande. I tillegg har denne gruppa ikkje moglegheit til å gå på visning, samt at dei ikkje er attraktive lejetakarar på den private uteigemarknaden. Lauslatinger kan òg kome på kort varsel. Med ein så liten moglegheit til å ordne seg eigen bustad, samt eit stort behov for ein god start i ein ny kvar dag, skal kommunen bistå og gje tilstrekkelege helse- og omsorgstenester.

4.8 Rus og psykiske lidingar

I Ruspolitisk Handlingsplan for Sveio kommune står det om korleis Sveio skal møte og hjelpe dei som brukar rusmidlar. Førebygging er eit stort fokus, men det er òg viktig å gi god hjelp til dei som har utvikla eit rusproblem. Det er fokus på vegen frå behandling og til ein er reintegritt i samfunnet. Det er i planen vektlagt å sjå samanhengen mellom eit institusjonsopphald og tilbodet som blir gitt til kommunen. For å verte reintegritt i samfunnet er det viktig med gode butilhøve. Nokon vil ha behov

for burettleiing for å lære og vedlikehalde fundamentale behov som til dømes hygiene og matlaging, medan andre har behov for å meistre kvardagen.

Sveio kommune har i dag fire kommunale bustadar for innbyggjarar med særskilte rus- og psykiske vanskår, samt andre kommunale bustadar tilgjengeleg. Det er eit fokus med spreidt busetnad for ikkje å skapa negative ringverknadar for kvarandre og omgjevnadene.

4.9 Andre vanskelegstilte

Det kan vere andre vanskelegstilte som ikkje høyrer til dei nemde kategoriane, og som har behov for bistand til å få, eller behalda bustad, og som kan ha behov for andre kommunale helse og omsorgstenester. Dette kan vere t.d. unge vaksne, einslege utan nettverk, personar som er sjuke eller arbeidslause etc. Kommunen pliktar å yte bustadsosialt arbeid til dei som av ulike orsakar har behov for det.

5. KOMMUNALE BUSTADAR

Kommunen er plikta å ha oversikt over dei ulike kommunale bustadane. Sveio har slik oversikt i eit digitalt system kalla LAFT. Kommunen eig 62 kommunale bustader, og i tillegg disponererar kommunen 13 heildøgnbemanns omsorgsbustadar. Sveio omsorgssenter har tilgjengeleg 47 sjukeheimsrom, men det vert kun nytta 41 i dagens drift. Det er ikkje venta å vere behov for å byggje nye sjukeheimsrom i planperioden, då 47 er vurdert til å dekke behovet og utover planperioden, men dette må sjølv sagt vurderast på nytt i god tid før utløp av perioden.

Type bustad	Antal
Heildøgnbemanns omsorgsbustad	4
Omsorgsbustad	40
Rus/psykiatri bustad	3
Heildøgnbemanns omsorgsbustad	4
Gjennomgangsbustad/naudbustad	4
Flyktningbustad	7
Anna (ikkje i bruk-Eagle/Introhus)	5

6. TILTAK I PLANPERIODEN

Bustad er – saman med arbeid, utdanning og helse – det viktigaste for velferda til folk. Alle må bu, og med rett hjelp kan alle bu.

Grupper	Tiltak
Familiar med låginnntekt	<ul style="list-style-type: none">God organisering av bustadsosialt arbeid med fokus på trygge oppvekstvilkår for barn og unge.

	<ul style="list-style-type: none"> • Fremje og prioritere kommunalt disponerte utlegebustader i bumiljø som er tilpassa behova til barnefamiliar. • Gjennom Husbanken hjelpe barnefamiliar frå leige til eige gjennom startlån, tilskot til etablering og bustøtte.
Eldre	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for fleire sentrumsnære, aldersvenlege bustadar i kommunal regi og/eller i samarbeid med private aktørar. • Vurdere å etablera heildøgnsbemannata omsorgsbustadar for eldre. • Legge til rette for «Aldersvennlege lokalsamfunn» i reguleringsplanar. • Prøve ut ordning med Miljøvaktmeister.
Personar med nedsett funksjonsevne	<ul style="list-style-type: none"> • Bygge 14 nye omsorgsbustadar med heildøgs omsorg samt 2 avlastningsbustadar. • Sikre informasjon om ulike bustadløysingar til aktuelle brukarar og pårørande.
Flyktningar	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdera kjøp av kommunale bustadar til flyktningar i Sveio og Førde sentrum. • Gjennom Husbanken hjelpe flyktningar frå leige til eige gjennom startlån, tilskot til etablering og bustøtte
Lauslatte frå institusjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Straffedømte skal få hjelp til å skaffe seg bustad, arbeid, helsehjelp, økonomirådgjeving og andre tenester som dei treng for å leve eit lovlydig liv. • Nav Sveio skal sikre overgang frå eit mellombels til eit varig butilbod, evt. i ein individuell plan.
Rus og psykiske lidinger	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre brukarmedverknad ved busetjing og utforming av tenestetilbod til vanskelegstilte på bustadmarknaden. • Ha fokus på å unngå for stor samlokalisering av bustadar for personar med rus og psykiske lidinger. • Det skal gis tilbod om ein koordinator for pasientar og brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester med fokus på å betre buevne. • Tilsette som arbeider med bustadoppfølging for personar med rus- og psykiske lidinger skal sikrast tilstrekkeleg kompetanse. • Bestrebe minst ein tilgjengeleg nausbustad for å hindre bustadløyse.
Andre vanskelegstilte	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre brukarmedverknad ved busetjing og utforming av tenestetilbod til vanskelegstilte på bustadmarknaden. • Gjennom Husbanken hjelpe vanskelegstilte frå leige til eige gjennom startlån, tilskot til etablering og bustøtte.
Organisering	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide etter intern bustadsosial instruks etablert i 2024 med tverrfagleg arbeidsgruppe.

- | | |
|--|--|
| | <ul style="list-style-type: none">• Sikre tilstrekkeleg kompetanse om bustadsosialt arbeid i tverrfagleg arbeidsgruppe samt aktuelle einingar med årleg Bustadsosialt Forum.• Vurdere bustadsosiale behov i alle nye reguleringsplanar.• Delta i bustadsosialt nettverk i regionen (oppretta i 2023).• Vurdera interkommunale samarbeid med einskildoppgåver der det er hensiktsmessig. |
|--|--|

Tiltaka vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan for planperioden.

